

Batterifabrikk er Grøn New Deal i praksis

Vestland SV helse initiativet om å etablere batterifabrikk i Vestland velkommen. Dei tre industrigigantane Hydro, Equinor og Panasonic skal bygge ein batterifabrikk i Noreg med 2000 arbeidsplassar, med bygging i 2023, med produksjonsstart i 2025. Dette er Grøn New Deal i praksis, ein del av det grønne skiftet frå fossilbasert energi til fornybare energikjelder.

Batteri er blitt en viktig del av kvardagen og kjem til å spille ei sentral rolle i energiforsyninga i framtida. For persontransport og lagring av solenergi har ein komme langt, men det er mange områder kor batteribruken berre så vidt er begynt. EU er også klar over at framtidens energi skal lagrast i batteri og at batteria er i ferd med å bli ein del av ein sirkulær og berekraftig økonomi. EU la i starten av 2020 fram ein ny handlingsplan for sirkulær økonomi. Eitt av tiltaka handlar om batteri: Kommisjonen vil foreslå eit nytt regelverk for batteri for å gjere den stadig veksande verdikjeda for batteri til elbilar meir berekraftig.

Vestland har areal, vatn og vasskraft, og menneske med kunnskap og evne til å løfte i lag. Denne fabrikk skal vil ha hjå oss. Dei tre selskapa har danna eit konsortium som skal bygge og drifte den enorme batterifabrikk som i startfasen har behov for eit areal på heile 400 mål, med høve for utviding til 1000 mål.

Vestland er det største kraft- og eksportfylket i landet med lang industrihistorie. Vi er ein regional utviklingsaktør med krevjande framtidsmål. Vi skal bli eit nullutsleppsfylke, og har gått framfor med tøffe miljøkrav innan ferje og hurtigbåtane, som verkeleg har fått ballen til å rulle når det kjem til industriutvikling og grønt maritimt skifte. Allereie har ein batterifabrikk har flytta til vestlandet, og no ynskjer vi fleire batterifabrikkar velkommen.

En batterifabrikk i Vestland gir oss moglegheiter for å bidra til berekraftig produksjon av batteri. Panasonic planleggjar omstilling til batteri utan kobolt i løpet av dei kommande to til tre års. Dette er spesielt viktig, da utvinning av kobolt er forbundet med barnearbeid og andre brot på menneskerettane. I Den demokratiske republikken Kongo, som står for cirka 60 prosent av verdens utvinning av kobolt, er det estimert at over 30 000 barn arbeider under elendige forhold for å hente ut dette metallet.

Frå Vestland har 12 kommunar levert tilbod. Dette er Alver/Austrheim, Askøy, Bjørnafjorden, Bremanger, Gulen/Masfjorden, Kinn, Kvinnherad, Sunnfjord, Voss og Øygarden. I nokre av kommunane er det private grunneigarar som søker saman med kommunen.

Hydro, Equinor og Panasonic har stilt tre hovudkrav for plassering av batterifabrikk:

- Plass: Industritomta må vera på 400 mål med høve til å utvida til 1000 mål. Bygningane blir på rundt 200.000 kvadratmeter med ein høgde på 20 meter.
- Kraft: 100 MW i første fase, med høve til dobling.

- Folk: Driftsbemanning på om lag 2000 personar direkte tilsette i første fase, for det meste faglærte operatørar og personell med høgskule/universitetsutdanning.

Vestland SV vil stille krav til bærekraft og transparens i leverandørkjeda av batteri- og køyretøysprodusentar, samt krav til ryddige og trygge arbeidsforhold hos råvareleverandør ved innkjøp.

Vestland SV meiner at fleire kommunar i Vestland er særst godt eigna til å huse ein batterifabrikk og vil jobbe for at batterifabrikken kjem til Vestland.

Det må stillast krav til arealet som skal nyttast til dette føremålet. 1 . Ein kan ikkje bygge ned landbruksområder, eller verneverdig natur, td. myrlandskap. 2. Det kan ikkje verte ein konsekvens at ein må bygge ut meir vindkraft på land.